Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr. til emne nr. 6

Emne: Folkelege musikkinstr.

Oppskr. av: Johannes Hagen

(adresse): Leksvik

Fylke: Nord-Trøndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Blankbygda

Gard: Røstad nordre

G.nr. 34 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Borklurar kunne hava munnstykke av tre; men noko slags lydskapande i enden er ikkje kjent. Det var bukkehornet som hadde ei tretunge i munnstykket.

2) Nei det er ikkje kjent.

3) Det var noko dei kalla „Skrammeldåsi", men kva det var i det har det ikkje lykkas å få greie på. Ut trykket blir brukt enda om nokon som rålar mykje når dei talar. Sidan blikkøyskar kom i bruk er blikkstrunkar og -spanner med småstein i brukte til å skramme bort rev og rovfuglar med. Elles var det „kråksmeldra" som var det vanlege skransemiddel.

4)

Å smelle lauv- og grasblad i handa, Papirposer med luft, blomsterkronene av „Smellpong" og „Blåklokk" er brukt. Likeins å leggja glør på ein stein eller eit anna hardt underlag og

7066

dröyke vatn på dei før ein slog
til med ein hamar eller stein
så det skulle bli smell er kjent.
Det var born og ungdom som fann
hugnad i å få til smeller og det
vart gjort når höyet baud seg.
Noka serskild nemning på det
er ikkje kjent.
Når brudefylgjet for framom
skaut dei med børsom (gevær)
dei som hadde. Enten det var
berre for å syna dei ære, eller det
gjekk av eleg var knytt noko slag tru
til det er det ingen som kjenner
til no lenger. No skyt dei salutt
når 17 mai toget går framom.
Å smelle med sveipa var også
~~—~~ brukt, men no er det mange,
mange år sidan eg såg nokon brukte
sveipe, som vel er.
5) Nei.

7065
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
7066